



NÅR ER DET GREITT Å SLEPPA BORNA TIL PÅ SOSIALE MEDIA?

«La born vera born. Hald dei unna fri flyt av sosiale media før dei er modne nok til å takla den uoversiktlege verda på nett»

Synnøve Moltudal, høgskulelektor digital kompetanse

FAU ved Engelsvoll skule ønsker at elevane skal ha ein trygg kvardag, og på nett og sosiale media. Det har vore døme på at aktivitet på sosiale media har hatt innverknad på skulekvardagen. Me har fått ideen om å laga dette skrivet frå ein annan skule som har delt ut eit tilsvarande skriv. FAU synest dette er ein veldig god måte å nå ut til alle foreldre/føresette og be om at de held dykk til dei aldersgrensene som er sett for bruk av spel og sosiale media.

Viss me foreldre/føresette står saman om at borna ikkje får tilgong til facebook, snapchat, instagram, Tiktok (tidlegare musical.ly) før dei har nådd aldersgrensa på 13 år, vil me kunna hindra mange unødvendige situasjonar og eit press om å måtta ha dette. Me håpar at me saman kan bidra til at borna våre får ein betre og tryggare nettkvardag, og ein skulekvardag der bruk av sosiale media på fritida ikkje stel undervisningstid.

Aldersgrensa på dei mest brukte sosiale media blant born og unge, som Snapchat og Instagram, er 13 år. Snapchat skriv: « Tenestane våre er ikkje tiltenkt – og me rettar dei ikkje mot – nokon under 13 år.»

Det er ved undersøkingar tidlegare og nå vist at over halvparten av dei 11 år gamle elevane og yngre er på Snapchat, der anbefalt aldersgrense er 13 år.

Etter vårt syn er det beklageleg at App Store opererer med ei aldersgrense for Snapchat på 12 år, og at Google Play ikkje har sett aldersgrense i det heile, men anbefaler rådgiving frå foreldra. Dette forstyrrar utgangspunktet, som er heilt tydeleg: anbefalt aldersgrense er 13 år. Ei god rettesnor vil vera anbefalingane frå nettsida barnevakten.no. Det kan samanliknast med at det er Trygg Trafikk som gir anbefalingane i trafikkspørsmål.

Kvifor venta til fylte 13 år?

Høgskulelektor i fagmiljøet for digital kompetanse ved Høgskulen i Volda, Synnøve Moltudal, som er ein av dei fremste på området seier dette om kvifor:

- Aldersgrenser gir indikasjonar på kva slags potensielt innhald born og unge kan møta. Dei seier òg noko om å nå eit stadium der ein er klar for å handtera slike utfordringar. Generelt anbefaler me difor reglane som leverandørane av sosiale media set.



Full kontroll?

- Me må ikkje vera naive og tru at det er greitt å gi barnet tilgong til alle sosiale media før fylte 13 år fordi me meiner me har full kontroll. For det har me ikkje, men mindre me overvakar borna våre.

Stort ansvar

- Kanskje føler me at me har full kontroll, men kva med ansvaret for alle dei rundt oss som blir påverka av våre val? Viss du seier til borna dine at det er ok å bruka Snapchat før fylte 13 år, påverkar du samstundes vennene til borna. Du bidreg til å skapa eit press om å starta tidleg med sosiale media.
- Har du sagt ja til sosiale media, må du vera klar for ansvaret det fører med seg for deg som forelder/føresett. Då må du hjelpe borna dine til å ta smarte val og hjelpe dei å setta grenser for seg sjølv og andre, og ikkje minst å hjelpe dei til å rydda opp når ting er vanskeleg.

Forstyrrear undervisninga

- Snapchat er blant dei mest populære appane i landet. Når eg som foredragshaldar reiser rundt på skular, opplever eg at denne appen skapar mykje uro for born i slutten av barneskulen. Lærarane endar opp med mindre tid til undervisning fordi dei først må rydda opp i Snapchat-diskusjonen, om spelinga i går eller nokre bilete som har blitt delt berre for å erta.

Foreldre/føresette må seia meir nei

- Me må seia meir nei! Me må vera litt kjipe foreldre, samstundes som me viser born og ungdom at me likar dei, ser dei og er der for dei. Born som ser at vaksne tør å ta vanskelege val, har førebilete som viser at dei kan stå opp for det dei trur på.

Oppmoding

- Utgangspunktet for dette er tatt med dømet Snapchat. Det same gjeld mylderet av andre media, til dømes Facebook, Instagram og Tiktok, samt dei ulike spela med anbefalt aldersgrense. FAU ber foreldregruppene i dei ulike klassane om å ta eit felles val om å overhalda aldersgrensene. Stå saman og ikkje gi etter for «alle dei andre har, då må eg òg få». Ver tidleg ute, snakk saman om det som kjem, og ta eit felles val.

«La born vera born. Hald dei unna fri flyt av sosiale media før dei er modne nok til å takla den uoversiktlege verda på nett»